

## **REGULERINGSFØRESEGNER**

### **For Reguleringsplan Øyna, Langsætrane, Stordal kommune.**

#### **§ 1 PLANENS FORMÅL:**

- 1.1 Legge til rette for turaktivitet og rekreasjon ved Innfjordelva i nærområdet til fritidshusa på Langsætrane. Legge til rette for opparbeiding av badedam. Med gang og sykkelsti og bruer knyte saman dei to områda med stølar og fritidshus på Kvitlane (i sør) og Pusken (i nord).
- 1.2 Legge til rette for å kunne ta ut masser som kan brukast til bygging av kommunale vinterveggar i området, veggar til byggefelt og parkeringsplassar.
- 1.3 Legge til rette for turaktivitet og masseuttak på ein slik måte at Innfjordelva og Stordalsvassdraget sin naturverdi og opplevingsverdi vert styrka og vidareført.

#### **§ 2 GENERELT:**

- 2.1 Det regulerte området er vist med plangrense.
- 2.2 Planområdet er inndelt i følgjande formål:

**Byggeområde** (PBL § 25. 1. ledd nr. 1):

Allmennyttig formål; bygning for toalett og renovasjon.

**Spesialområde** (PBL § 25.1. ledd nr. 6):

Naturvernområde, vassdrag (SP1).

Naturvernområde, land (SP2).

Friluftsområde, rekreasjon i vassdrag (SP3).

Friluftsområde, rekreasjon (SP4, SP5, SP6).

**Fellesområde** (PBL § 25. 1. ledd nr. 7):

Felles parkering og snuplass.

Felles gang- og sykkelsti.

#### **§ 3 FELLESFØRESEGNER:**

- 3.1 Plankrav:  
Tiltak skal skje ut frå ein heilskapsplan. Tiltak i byggeområde, i fellesområde for parkering og gang- og sykkelsti med bruer, tiltak i friluftsområde, rekreasjon i vassdrag (SP3) og opparbeiding av friluftsområde, rekreasjon (SP4, SP5 og SP6) er søknadspliktige etter PBL § 93 – i) og j). Illustrert vedlegg til denne planen er rettleiande for detaljplanlegging og utarbeiding av søknader.  
Tiltaka i området nemnde over, skal skje i ei avgrensa tiltakstid, maksimalt 2 år, beskrive i søknaden og godkjent av kommunen. Etter at søknadspliktige tiltak er avslutta, skal sår etter masseuttak og spor etter anleggsmaskiner i landskapet vere reparerte, slik at alle delar av området framstår som så naturleg og heilskapleg som råd.  
Søknaden skal med kart, illustrasjonar, teikningar og beskrivelse vise omfanget av tiltaket og korleis tiltaket vert avslutta med å ordne til terrenget etter at

masseuttaket er avslutta ( i samarbeid med NVE). Søknad om ansvarsrettar for tiltak etter planen skal vise til system for kontroll av faktisk uttekne masser og dokumentasjon av faktisk utført arbeid.

#### § 4 BYGGEOMRÅDE:

##### 4.1 Allmennyttig formål:

Område for bygning med min to toalettrom og rom for renovasjon. Bygningen skal kunne vere på maks 30 m<sup>2</sup> BRA, i ein etasje og med saltak. Krav til bygningen skal samsvare med felles bygningskrav i kommuneplanen for Langsæterområdet. Avløp frå toalett skal vere i lukka system.

#### § 5 SPESIALOMRÅDE:

##### 5.1 Naturvernområde, vassdrag (SP1):

I denne delen av vassdraget kan det, bortsett frå bygging av gang- og sykkelsti med bruer, ikkje gjerast ytterlegare inngrep i elvesidene eller i elvane og bekkane. Reparasjon av terrenginngrep etter tidlegare masseuttak kan utførast i samråd med kommunen og fagmynde. Skjøtsel og elveforebygging må utførast slik at vassdraget ikkje misser landskapsverdi – og karakter. Evt. sideplastring må ikkje vere høgare enn nødvendig for å unngå erosjon ved flaumvassføring.

##### 5.2 Naturvernområde, land (SP2):

I dette området kan det, bortsett frå bygging av gang- og sykkelsti med bruer, ikkje gjerast terrenginngrep eller settast opp innretningar som bål plass e.l.. Reparasjon av terrenginngrep etter tidlegare masseuttak kan utførast i samråd med kommunen og fagmynde. Skjøtsel og rydding av skog må utførast slik at området ikkje misser landskapsverdi – og karakter.

##### 5.3 Friluftsområde – rekreasjon i vassdrag (SP3):

I dette området kan det takast ut masser slik at det kan opparbeidast badedam. Badedammen vil få ei djupne på 0 – 3 meter. Dammen får 2 innløp og eitt utløp. Det kan lagast kanal ved innløpet til dammen frå søraust. Til kanalsidene kan det nyttast stein frå elva aust for planområdet eller frå andre eigna masseuttak. Uttak av masse frå elva lenger aust må avgrensast til naturleg reparasjon. Evt. sideplastring må ikkje vere høgare enn nødvendig for å unngå erosjon ved flaumvassføring.

Vassføringa i kanalen kan regulerast med innretning laga av tre og stein.

Betongkonstruksjon er ikkje tillate. Formålsgrænse vist på kartet er veiledande (jf 5.5). Ved utløpet frå dammen i vest kan det lagast terskel.

Jordmasser frå toppen av området må deponerast i område SP2 for seinare bruk til opparbeiding og reparasjon av landskapet etter masseuttaket. Det kan fjernast inntil 10000m<sup>3</sup> jord- og steinmasser.

##### 5.4 Friluftsområde, rekreasjon (SP4 og SP5):

I dette området kan det drivast rydding og skjøtsel som gjer området egna for friluftaktivitetar som soling og opphald. Då trevegetasjonen er vernevegetasjon som hindrar elveerosjon, må det ikkje drivast rydding som øydelegg rotsystemet

for trevegetasjonen. Øya må like eins vere brei nok til at rotsystemet for trevegetasjonen vert sterkt nok til å hindre nedbryting av øya ved erosjon.

5.5 Friluftsområde, rekreasjon (SP6):

Avgrensing av området mot badedammen (SP3) kan varierast og vere avhengig av tilhøvet mellom faktisk uttekne masser og djupna på badedammen. I dette området kan det lagast til bål plassar og rasteplassar. Det kan vidare drivast rydding og skjøtsel som gjer området egna for friluftaktivitetar som soling og opphald, samtidig som området framstår som naturleg del av heilskapen.

**§ 6 FELLESOMRÅDE** (Parkeringsplass og gang - og sykkelsti):

6.1 Parkeringsplassen kan opparbeidast med grus og med plass for inntil 10 personbilar og snuplass. Så lite areal som nødvendig skal planerast og evt. grusast. Der gangvegen kryssar inn/ut-køyring frå parkeringsplassen skal arealet hevast eller helleleggast for å markere krysningspunktet.

6.2 Gang – og sykkelsti. Stien skal ha dekke av grus i ei breidde på maks 2,5 meter. Grusen skal kunne behandlast med fuktbinding av naturmateriale slik at den vert egna for rullestolbrukarar. Bruene kan byggast av trevirke, stål og tørrmurt stein. Bruk av betongkonstruksjon er ikkje tillate. Brukar må utformast slik at dei ikkje vert skada av erosjon, skaper ekstra erosjon eller hindrar elveløpet.

Stordal, \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordførar